



DEN NORSKE KYRKJA

Lindås kyrkjelege fellesråd

Lindås kommune

v/ ordførar og rådmann

Knarvik, 29. mai 2016

Lindås kyrkjelege fellesråd – oversyn over akkumulert vedlikehald for kyrkjebygga i Lindås

Lindås kyrkjelege fellesråd har i sitt møte 19.april 2016 handsama sak om trøng for midlar til vedlikehald av kyrkjene i Lindås. Oversynet er utarbeidd i samarbeid med sokneråda i Lindås.

Lindås kyrkjelege fellesråd legg til grunn at denne lista inneheld dei problemstillingar knytt til akkumulert trøng for vedlikehald som i dag er kjende. Lista syner eit samla overslag over etterslep av vedlikehald på NOK 6.180.000.

Lindås kyrkjelege fellesråd har i sitt oversyn fordelt dette etterslepet på vedlikehald for kyrkjene over åra 2017 – 2019, som fordeler seg slik:

- 2017: NOK 2.120.000
- 2018: NOK 2.235.000
- 2019: NOK 1.760.000

Lindås kyrkjelege fellesråd sender dette materialet til Lindås kommune til orientering, og ber om høve til å realitetsdrøfte dei behova som er meldte i saka.

Nærare om regnearket / vedlegget

Regnearket «Plan for vedlikehald av kyrkjer i Lindås 2016 – 2019» inneheld oversyn over innmeldte ønsker frå sokneråd og tilsette for dei einskilde kyrkjene. Oppsummeringa av desse behova slik dei er samla i innstillinga over, står i arket med namn «Samandrag».

Etter at fellesrådet fatta vedtaket sitt, hadde kyrkjeverja møte med eigedomssjefen i Lindås kommune. Her kom det fram nokon skepsis i samband med storleiken på beløpa i fellesrådet si innstilling, samstundes

Side 1

Adresse:
Lonsvegen 1
5914 ISDALSTØ

e-postadresse:
fellesradet@lindas.kyrkja.no

Telefon: 5637 5920
Telefax: 5637 5921
Org.nr: 976 995 562
Bank: 1503.22.73138

som eigedomssjefen hadde kommentarar til sjølve rekkefølgja i prioriteringane av kyrkjene.

På bakgrunn av dette har kyrkjeverja sett opp dei samla vedlikehaldsønskja i ei alternativ tabell; «Alt. Plansyklus», som spreiar oppsettet over fem år og ikkje tre, samstundes som ein i større grad gjer seg ferdig med prioriterte skader på dei einskilde kyrkjene før ein tar fatt på mindre kritiske behov.

Med dette er årleg beløp redusert, samstundes som dei tre viktigaste utbetringsbehova i oppsettet er prioritert som i fellesrådet sitt vedtak.

For Lindås kyrkjelege fellesråd,



Torgeir Paulsen
kyrkjeverje

Kopi: Leif Sleire

Vedlegg: Plan for vedlikehald av kyrkjer i Lindås 2016 - 2019